



## Saksframlegg

### Sunnmørsbadet Fosnavåg AS - Søknad om Covid-19 støtte

#### **Samandrag:**

Det ideelle aksjeselskapet Sunnmørsbadet Fosnavåg AS, der Herøy kommune er største aksjonær, har så langt ikke fått tildelt statlege stimuleringsmidler eller midlar til dekning av mindreinntekter/meirutgifter i samband med Covid 19 utbrotet. I perioda mars 2020 til og med juni 2020 har inntekter og utgifter gått betydeleg ned sett i høve til 2019. Selskapet har søkt Herøy kommune om å få dekt 70% av sitt tap i denne perioden. Kommunedirektøren rår til at kommunestyret imøtekjem søknaden og at meirkostnaden vert å dekke ved bruk av kommunen sitt disposisjonsfond.

#### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Søknaden fra Sunnmørsbadet Fosnavåg AS vert imøtekomen med kr 675.000,-.

Det medfører slike endringar i 2020 budsjettet:

Konto 14700 (tilskott til andre), ansvar 1284 (andre overføringar), funksjon 325 opp kr 675.000,-

Konto 19400 (bruk av disp fond), ansvar 1284 og funksjon 325.

**Saksopplysningar:**

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS har søkt Herøy kommune om å få dekt inn 70% av differanse mellom tapte inntekter og reduserte kostnad i perioden mars-juni 2020.

I følje vedlagt rekneskapsutskrift utgjer manglande inntekter om lag kr 2.374.000,- og reduserte kostnad utgjer om lag kr 1.411.000,- noko som gjer at tapet vart om lag kr 966.500,-. Omsøkt sum, kr 675.000,- utgjer om lag 70% av dette tapet.

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS har søkt både Kulturdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet om støtte/tilskott, men begge er avslått. Kulturdepartementet sitt svar var at om ein var registrert i frivillighetsregisteret så ville ein få tilskott. Selskapet fekk imidlertid ikkje godkjent ei registrering i dette registeret fordi dei ikkje oppfylte krava.

Nærings- og fiskeridepartementet viser dei til ei tilskotsordning som vert gitt til bedrifter som rammes av omfattande lokale smittevernstiltak. Herøy kommune har i heile perioden fylt dei nasjonale smittevernstiltaka og kan såleis ikkje søkje på dette tilskottet. Konklusjonen til departementet er at Sunnmørsbadet Fosnavåg AS er eit ideelt aksjeselskap med Herøy kommune som største aksjonær og at det er kommunen som er rette instans for å dekke eventuelle tap.

Administrasjonen har vore i kontakt med Fylkesmannen i saka. Fylkesmannen seier at hadde firmaet vore registrert som eit KF og dette gjekk med underskott så ville kommunen automatisk hatt plikt til å dekke underskotet, men at regelverket er annleis når det gjeld AS. Fylkesmannen hadde eit par spørsmål til saka. Dette har vi gitt tilbakemelding på.

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS har ein grei likviditet. Dette er imidlertid ikkje til hjelp når rekneskapet for 2020 skal gjerast opp. Får selskapet eit underskott tærer det på eigenkapitalen og når den er brukt opp må aksjonærane uansett inn å dekke dette om selskapet skal vere liv laga.

Herøy kommune har fått totalt om lag kr 13.050.000,- i Korona/Covid støtte så langt i 2020. Av dette er om lag kr 6.200.000,- midlar utt til spesielle føremål (flomvern, vedlikehald/sysselsetjing og barnehage) og dei resterande midlane er meint å dekke opp meirkostnad vi har hatt ute i avdelingane samt til å dekke mindreinntekter på skatt.

**Vurdering og konklusjon:**

Søkjaren har i lang tid jobba opp mot ulike statlege aktørar for å få dekt delar av sitt tap som følje av at landet vart stengt ned i perioden frå mars til og med juni. No har både Kulturdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet vendt tommelen ned og sistnemnde har peikt på kommunen som finansieringskjelde.

Sidan Sunnmørsbadet Fosnavåg AS ikkje får dekt sitt tap frå dei statlege ordningane og sidan kommunen er hovudaksjonær er Kommunedirektøren sitt råd til kommunestyret er at søknaden vert innvilga og ein nyttar disposisjonsfondet som finansieringskjelde.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen spesielle  
Konsekvensar for folkehelsa: Eit ope bad fremjar trivsel og folkehelse  
Miljøkonsekvensar: Ingen spesielle  
Økonomiske konsekvensar: Ei meirutgift på kr 675.000,- har sjølvsagt stor betydning for Herøy kommune.  
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen spesielle  
Konsekvensar for barn og unge: Sunnmørbsbadet Fosnavåg AS er ein viktig aktør både som fritidsaktivitet og også som arbeidgjevar for mange unge.

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Geir Egil Olsen  
Økonomileiar